

**Utval:** Fylkesutvalet  
**Møtestad:** Clarion Hotel Bergen Airport, Flesland  
**Dato:** 13.11.2019  
**Tidspunkt:** 13:05-15:40

**Følgjande faste medlemer møtte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Jon Askeland	Leiar	SP
Aleksander Øren Heen	Medlem	SP
Anne Gine Hestetun	Medlem	A
Arve Helle	Medlem	A
Emil Gadolin	Medlem	A
Kine Bratli Dale	Medlem	A
Natalia Antonia Golis	Nestleiar	MDG
Marthe Hammer	Medlem	SV
Trude Brosvik	Medlem	KRF
Gunhild Berge Stang	Medlem	V
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H
Noralv Distad	Medlem	H
Svein Kolbein Halleraker	Medlem	H
Knut Inge Andersen	Medlem	FNB
Morten Klementsén	Medlem	FNB
Terje Søviknes	Medlem	FRP
Sigbjørn Framnes	Medlem	FRP

**Frå administrasjonen møtte:**

Namn	Stilling
Rune Haugsdal	Prosjektleiar
Ingrid Holm Svendsen	Påtroppande fylkesdirektør for organisasjon og økonomi
Paal Fosdal	Påtroppande fylkesdirektør for strategi og digitalisering
Bjørn Lyngedal	Påtroppande fylkesdirektør for opplæring og kompetanse
Håkon Rasmussen	Påtroppande fylkesdirektør for mobilitet og kollektivtransport
Dina Lefdal	Påtroppande fylkesdirektør for infrastruktur og veg
Bård Sandal	Påtroppande fylkesdirektør for innovasjon og næringsutvikling
Per Morten Ekerhovd	Påtroppande fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering
Bertil Søfteland	Seksjonsleiar politisk sekretariat
Ingeborg Strandberg	Rådgevar politisk sekretariat /møtesekretær

<b>Sakliste Utvals- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off.</b>
	<b>Godkjenningssaker</b>		
GK 2/19	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
GK 3/19	Godkjenning av møteprotokoll frå førre møte	2019/65	
	<b>Skriftlige spørsmål</b>		
	<b>Referatsaker</b>		
RS 4/19	Invitasjon til kulturpolitisk toppmøte 25. november 2019 - regionreform - drøfting av oppgavedeling på kulturområdet	2019/71	
	<b>Politiske saker</b>		
PS 4/19	Nytt snøggåtanbod i Sogn og Fjordane	2019/72	
PS 5/19	Ny forskrift for Regionale forskingsfond - Høyringsuttale	2019/37	
PS 6/19	Høyring om endringar i forskrifter til veglova, vegtrafikklova og andre lover som gjeld overføring av fylkesvegadministrasjonen frå Statens vegvesen til fylkeskommunane og omorganisering av Statens vegvesen	2019/48	
PS 7/19	Høyringsuttale Endring i Opplæringslova - Karrierettleiing	2019/46	
PS 8/19	Høyringsuttale lov om integrering	2019/51	

## Godkjenningssaker

### **GK 2/19 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste**

#### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 13.11.2019**

Møteinnkalling og sakliste vart godkjent utan merknadar.

### **GK 3/19 Godkjenning av møteprotokoll frå førre møte**

#### **Forslag til vedtak**

Møteprotokoll for møtet 24. oktober 2019 vart godkjent utan merknadar.

#### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 13.11.2019**

#### **Avrøysting**

Prosjektleiari sitt forslag vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak**

Møtebok frå møtet i finansutvalet 24.10.2019 vart godkjent utan merknadar.

## Skriftlige spørsmål

Fylkesordførar refererte slikt spørsmål frå Knut Inge Andersen (FNB) som var sendt inn etter fristen:

«Deloitte si rolle i samband med pågåande kontroll av Ferde  
Kontrollutvala i Sogn og Fjordane og Hordaland bestilte den 3. september 2019 ein selskapskontroll av det regionale bomselskapet Ferde. Kontrollen er under gjennomføring av revisjonsselskapet Deloitte, som fylkeskommunane har rammeavtale med. Granskinga vil måtte sjå nærare på

selskapet sine innkjøp frå selskap der eigne tilsette står som eigarar og interne rutiner for registrering av slike bindingar. Om Ferde har eit etisk regelverk er ikkje opplyst. Men selskapet sine verdiar framgår av årsmeldinga for 2018 : Open, påliteleg, etterretteleg og nyskapande.

Deloitte er engasjert av fylkeskommunane gjennom kontrollutvala for å gjennomføre denne kontrollen. Deloitte er samstundes Ferde sin revisor. Eit sentralt spørsmål er om eventuelle regelverksbrot i samband med innkjøp ikkje burde vore oppdaga av Deloitte då dei gjorde sin revisjon. Slike tilhøve vart som kjent ikkje påpeika.

Finanstilsynet sin seksjonssjef Kjersti Elvestad meiner dobbeltrolla som Deloitte har sett seg i er uheldig. Ein kan også velje å sjå det slik at det er kontrollutvala i Sogn og Fjordane og Hordaland som sjølv set Deloitte i ein uheldig dobbeltrolle når ein vel å bestille granskinga der.

Det må ikkje hefte tvil ved dei undersøkingane som no pågår rundt Ferde. Dette også av omsyn til selskapet og dei tilsette i Ferde. Rapporten frå kontrollen skal handsamast av fylkestinget i Vestland på nyåret. Utan å gripe inn i kontrollutvala sitt arbeid, meiner fylkesordføraren det kan vere grunnlag for å ettersørje relevant forvaltningsnivå om ei ny vurdering når det gjeld bruk /ikkje bruk av Deloitte til dette oppdraget?»

Fylkesutvalet slutta seg samrøystes til å sende spørsmålet til Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommune.

## Referatsaker

### **RS 4/19 Invitasjon til kulturpolitisk toppmøte 25. november 2019 - regionreform - drøfting av oppgavedeling på kulturområdet**

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 13.11.2019**

RS 4/19 vart referert.

## Politiske saker

### **PS 4/19 Nytt snøggåtanbod i Sogn og Fjordane**

#### **Forslag til vedtak**

1. Fylkesutvalet ber om at dei nye miljøanboda i Sogn og Fjordane vert gjennomført som ein to-steps prosess der drifta i ein overgangsperiode vert løyst med separate kontraktar med konvensjonelt drivstoff for deretter å bli erstatta med kontraktar med låg- og nullutsleppsløysingar i perioden 2024-2026.
2. Fylkesutvalet presiserer at dette vedtaket ikkje medfører reduksjon av miljøambisjonar for båtanboda som er vedtekne av fylkestinget i Sogn og Fjordane

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 13.11.2019**

**Aleksander Øren Heen (Sp)** sette på vegner av AP, SP, V, KRF, MDG, SV og H slikt forslag:

«Saka vert utsett til 03.12.

Fylkesutvalet ber om at fylkesrådmannen legg fram eit notat som svarar ut dei problemstillinga som ble drøfta under møtet 13.11.2019.

Det må opnast for at representantane i fylkesutvalet skal kunne sende inn spørsmål i saka, som også blir svart ut i førekant.»

## **Avrøysting (til utsetjing)**

Heen sitt forslag vart vedteke mot 4 røystar (Frp, FNB).

## **Vedtak**

Saka vert utsett til 03.12.

Fylkesutvalet ber om at fylkesrådmannen legg fram eit notat som svarar ut dei problemstillinga som ble drøfta under møtet 13.11.2019.

Det må opnast for at representantane i fylkesutvalet skal kunne sende inn spørsmål i saka, som også blir svart ut i førekant.

## **PS 5/19 Ny forskrift for Regionale forskingsfond - Høyringsuttale**

### **Forslag til innstilling**

1. Vestland fylkeskommune sluttar seg til hovudlinene i utkast til forskrift for Regionale forskingsfond
2. Vestland fylkeskommune ber om at fastsetting av indikatorar for mål og resultat i dei regionale forskingsfonda skal skje i samråd mellom Forskingsrådet og fylkeskommunane.

### **Saksprotokoll i hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon - 12.11.2019**

**Sigrid Brattabø Handegard (Sp)** sette på vegne av Sp, A, MDG, V, KrF og SV fram slikt forslag:

Alternativ

Punkt 1:

«Vestland fylkeskommune sluttar seg til hovedlinjene i utkast til forskrift for Regionale forskningsfond, men aksepterar ikkje at samanslåtte fylke kjem dårlegare ut økonomisk.»

### **Avrøysting**

Handegard sitt forslag pkt.1 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot ingen røyster for prosjektleiar sitt forslag.

Prosjektleiar sitt forslag pkt. 2 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Vestland fylkeskommune sluttar seg til hovedlinjene i utkast til forskrift for Regionale forskningsfond, men aksepterar ikkje at samanslåtte fylke kjem dårlegare ut økonomisk
2. Vestland fylkeskommune ber om at fastsetting av indikatorar for mål og resultat i dei regionale forskingsfonda skal skje i samråd mellom Forskingsrådet og fylkeskommunane.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 13.11.2019**

### **Avrøysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak**

1. Vestland fylkeskommune sluttar seg til hovedlinjene i utkast til forskrift for Regionale forskningsfond, men aksepterar ikkje at samanslåtte fylke kjem dårlegare ut økonomisk

2. Vestland fylkeskommune ber om at fastsetting av indikatorar for mål og resultat i dei regionale forskingsfonda skal skje i samråd mellom Forskingsrådet og fylkeskommunane.

## **PS 6/19 Høyring om endringar i forskrifter til veglova, vegtrafikklova og andre lover som gjeld overføring av fylkesvegadministrasjonen frå Statens vegvesen til fylkeskommunane og omorganisering av Statens vegvesen**

### **Forslag til innstilling**

1. Fylkesutvalet viser til at fylkeskommunen som vegeigar vil ha ansvar for å utgreie skiltbruk på fylkesveg. Ut i frå omsynet til effektiv sakshandsaming og til at det forvaltingsnivået som har ansvar for ei oppgåve også får mynde til å ta avgjerd, må fylkeskommunane få ansvar for å fatte skiltvedtak. Felles skiltbruk kan bli teke vare på gjennom skiltforskrifta og ved at skiltplanar kan sendast til Statens vegvesen for uttale.
2. Fylkesutvalet er samd i at Statens vegvesen framleis bør ha ansvar for kontroll og godkjenning etter tunnelforskrifta og bruforskrifta. Dette må likevel praktiserast på ein slik måte at ein unngår detaljstyring og eit tidkrevjande godkjenningsregime.
3. Fylkesutvalet støttar dei andre føreslegne endringane i forskriftene som er omfatta av høyringa.

### **Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 12.11.2019**

#### **Avrøysting**

Prosjektlear sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

#### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkesutvalet viser til at fylkeskommunen som vegeigar vil ha ansvar for å utgreie skiltbruk på fylkesveg. Ut i frå omsynet til effektiv sakshandsaming og til at det forvaltingsnivået som har ansvar for ei oppgåve også får mynde til å ta avgjerd, må fylkeskommunane få ansvar for å fatte skiltvedtak. Felles skiltbruk kan bli teke vare på gjennom skiltforskrifta og ved at skiltplanar kan sendast til Statens vegvesen for uttale.
2. Fylkesutvalet er samd i at Statens vegvesen framleis bør ha ansvar for kontroll og godkjenning etter tunnelforskrifta og bruforskrifta. Dette må likevel praktiserast på ein slik måte at ein unngår detaljstyring og eit tidkrevjande godkjenningsregime.
3. Fylkesutvalet støttar dei andre føreslegne endringane i forskriftene som er omfatta av høyringa.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 13.11.2019**

#### **Avrøysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak**

1. Fylkesutvalet viser til at fylkeskommunen som vegeigar vil ha ansvar for å utgreie skiltbruk på fylkesveg. Ut i frå omsynet til effektiv sakshandsaming og til at det forvaltingsnivået som har ansvar for ei oppgåve også får mynde til å ta avgjerd, må fylkeskommunane få ansvar for å fatte skiltvedtak. Felles skiltbruk kan bli teke vare på gjennom skiltforskrifta og ved at skiltplanar kan sendast til Statens vegvesen for uttale.
2. Fylkesutvalet er samd i at Statens vegvesen framleis bør ha ansvar for kontroll og godkjenning etter tunnelforskrifta og bruforskrifta. Dette må likevel praktiserast på ein slik måte at ein unngår detaljstyring og eit tidkrevjande godkjenningsregime.
3. Fylkesutvalet støttar dei andre føreslegne endringane i forskriftene som er omfatta av høyringa.

## **PS 7/19 Høyringsuttale Endring i Opplæringslova - Karrierettleiing**

### **Forslag til innstilling**

1. Vestland fylkeskommune støttar forslag til endring i opplæringslova om fylkeskommunal plikt til å tilby karrierettleiing til befolkninga
2. Vestland fylkeskommune er kritisk til at dei økonomiske konsekvensane om fylkeskommunal plikt til å tilby karrierettleiing til befolkninga ikkje er godt nok undersøkt.
3. Vestland fylkeskommune meiner § 13-3e andre ledd må endrast slik at det vert gjensidig plikt til samarbeid mellom fylkeskommune og Arbeids- og velferdsetaten.
4. Vestland fylkeskommune leverer høyringsfråsegn slik det kjem fram i saksutgreiinga.

### **Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 12.11.2019**

#### **Avrøysting**

Prosjektlear sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

#### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Vestland fylkeskommune støttar forslag til endring i opplæringslova om fylkeskommunal plikt til å tilby karrierettleiing til befolkninga
2. Vestland fylkeskommune er kritisk til at dei økonomiske konsekvensane om fylkeskommunal plikt til å tilby karrierettleiing til befolkninga ikkje er godt nok undersøkt.
3. Vestland fylkeskommune meiner § 13-3e andre ledd må endrast slik at det vert gjensidig plikt til samarbeid mellom fylkeskommune og Arbeids- og velferdsetaten.
4. Vestland fylkeskommune leverer høyringsfråsegn slik det kjem fram i saksutgreiinga.

### **Saksprotokoll i hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon - 12.11.2019**

#### **Avrøysting**

Prosjektlear sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

#### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Vestland fylkeskommune støttar forslag til endring i opplæringslova om fylkeskommunal plikt til å tilby karrierettleiing til befolkninga
2. Vestland fylkeskommune er kritisk til at dei økonomiske konsekvensane om fylkeskommunal plikt til å tilby karrierettleiing til befolkninga ikkje er godt nok undersøkt.
3. Vestland fylkeskommune meiner § 13-3e andre ledd må endrast slik at det vert gjensidig plikt til samarbeid mellom fylkeskommune og Arbeids- og velferdsetaten.
4. Vestland fylkeskommune leverer høyringsfråsegn slik det kjem fram i saksutgreiinga.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 13.11.2019**

**Emil Gadolin (A)** sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Punkt 2

«Dei økonomiske midlane fylkeskommunen får tilført bør differensierast utifrå geografi, storleik og innbyggjartal.»

## Avrøysting

Fylkesordførar la innstilling frå hovudutval for opplæring og kompetanse til grunn.

Innstillinga med Gadolin sitt forslag vart samrøystes vedteken.

## Vedtak

1. Vestland fylkeskommune støttar forslag til endring i opplæringslova om fylkeskommunal plikt til å tilby karriererettleiing til befolkninga
2. Vestland fylkeskommune er kritisk til at dei økonomiske konsekvensane om fylkeskommunal plikt til å tilby karriererettleiing til befolkninga ikkje er godt nok undersøkt. Dei økonomiske midlane fylkeskommunen får tilført bør differensierast utifrå geografi, storleik og innbyggjartal.
3. Vestland fylkeskommune meiner § 13-3e andre ledd må endrast slik at det vert gjensidig plikt til samarbeid mellom fylkeskommune og Arbeids- og velferdsetaten.
4. Vestland fylkeskommune leverer høyringsfråsegn slik det kjem fram i saksutgreiinga.

## PS 8/19 Høyringsuttale lov om integrering

### Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet støttar forslag til ny lov om integrering, men med dei kommentarane som går fram av saksframlegget.

### Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 12.11.2019

**Øyvind Strømmen (MDG)** sette på vegner A, Sp, MDG, SV og V fram slikt forslag:

«Alternativ

Vestland fylkeskommune er positive til at det kjem ny lov om integrering, med eit heilskapleg og langsiktig fokus på fleire felt. Fylkesutvalet er positive til at fylkeskommunen får fleire lovfesta oppgåver innan integreringsfeltet, men understrekar viktigheita av det også vert overført tilstrekkeleg med midlar til å oppfylle desse oppgåvene på ein god måte. Fylkeskommunen vil samstundes knytta nokre kommentarar til følgjande område:

1. Når det gjeld §5 om fylkeskommunen sitt ansvar ynskjer Vestland fylkeskommune primært at fylkeskommunen også får rolla med å anmode. Når det gjeld karriererettleiing føreset fylkesutvalet at denne er i tråd med Nasjonalt kvalitetsrammeverk for karriererettleiing. Føremålet med Karriererettleiinga er å setja deltakare i stand til å gjera kvalifiserte karriereval. Fylkesutvalet finn det problematisk at karriererettleiinga, slik det går fram av høyringsnotatet, skal gje eit tilråding om arbeid eller utdanning for den einskilde.
2. Når det gjeld §12 om karriererettleiing vil Vestland fylkeskommune stilla spørsmål ved om dei økonomiske konsekvensane av endringane er godt nok utgreidd.
3. Fylkeskommunen er positiv til at slutt mål skal gje deltakar formelle kvalifiseringar, men vil peika på utfordringar knytt til tidsavgrensning i §16 om programmet si varigheit. Ein må også sikra at det er samsvar mellom lov om integrering og opplæringslova.
4. Vestland fylkeskommune meiner det er uklårt korleis fyrste del av §16 om programmets varighet skal tolkast. Dersom det er ungdom som har godkjent vidaregåande opplæring i Norge, er introduksjonsprogrammet på tre til seks månader tilstrekkeleg til å bli kvalifisert for høgare utdanning. Dersom §16 gjeld deltakarar som ikkje har godkjent vidaregåande opplæring i Norge, vil ei tidsavgrensning på tre til seks månader i introduksjonsprogrammet ikkje vere tilstrekkeleg.

5. Vestland fylkeskommune registrerer at lovframlegget skjerpar kravet for å få innvilga norsk statsborgarskap, med krav om bestått avsluttande prøve i norsk på B1 eller høgare nivå. Vestland fylkeskommunen vil påpeika at eit slikt krav lett vil ekskludera menneske med lita eller inga utdanning i opphavslandet frå å få norsk statsborgarskap, og frårår ei slik endring.

6. Vestland fylkeskommune vil peika på at talet på norsktimar til asylsøkjjarar vart redusert frå 250 til 175 i 2016. Av omsyn til inkludering meiner Vestland fylkeskommune at dette timetalet bør aukast.

7. Vestland fylkeskommune vil peika på at det i våre nordisk naboland er lettare for asylsøkjjarar å få mellombels arbeidstillatelse enn det er i Noreg. Vestland fylkeskommune meiner at dette også bør verta enklare i Noreg, noko som ikkje er drøfta i departementet sitt høyringsnotat. Ei slik ordning vil motverka passivitet på mottak, som er skadeleg, eit hinder for integrering og å sløsa med ressursar.

**Utvalseiar Stian Jean Opedal Davies (A)** sette fram prosjektleiar sitt forslag til innstilling.

### **Avrøysting**

Prosjektleiar sitt forslag fekk 2 røyster (FRP, PP) og fall.

Strømmen sitt forslag første avsnitt fekk 13 røyster (A, Sp, V, MDG, SV, H, FNB, R) og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 2 røyster (PP, FRP).

Strømmen sitt forslag punkt 1-4 fekk 13 røyster (A, Sp, V, MDG, SV, H, FNB, R) og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 2 røyster (PP, FRP).

Strømmen sitt forslag punkt 5 fekk 11 røyster (A, Sp, V, MDG, SV, FNB, R) og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 4 røyster (PP, H, FRP).

Strømmen sitt forslag punkt 6-7 fekk 13 røyster (A, Sp, V, MDG, SV, H, FNB, R) og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 2 røyster (PP, FRP).

### **Innstilling til fylkesutvalet**

Vestland fylkeskommune er positive til at det kjem ny lov om integrering, med eit heilskapleg og langsiktig fokus på fleire felt. Fylkesutvalet er positive til at fylkeskommunen får fleire lovfesta oppgaver innan integreringsfeltet, men understrekar viktigeita av det også vert overført tilstrekkeleg med midlar til å oppfylle desse oppgåvene på ein god måte. Fylkeskommunen vil samstundes knytta nokre kommentarar til følgjande område:

1. Når det gjeld §5 om fylkeskommunen sitt ansvar ynskjer Vestland fylkeskommune primært at fylkeskommunen også får rolla med å anmode. Når det gjeld karriererettleiing føreset fylkesutvalet at denne er i tråd med Nasjonalt kvalitetsrammeverk for karriererettleiing. Føremålet med Karriererettleiinga er å setja deltakare i stand til å gjera kvalifiserte karriereval. Fylkesutvalet finn det problematisk at karriererettleiinga, slik det går fram av høyringsnotatet, skal gje eit tilråding om arbeid eller utdanning for den einsskilde.

2. Når det gjeld §12 om karriererettleiing vil Vestland fylkeskommune stilla spørsmål ved om dei økonomiske konsekvensane av endringane er godt nok utgreidd.

3. Fylkeskommunen er positiv til at slutt mål skal gje deltakar formelle kvalifiseringar, men vil peika på utfordringar knytt til tidsavgrensning i §16 om programmet si varigheit. Ein må også sikra at det er samsvar mellom lov om integrering og opplæringslova.

4. Vestland fylkeskommune meiner det er uklårt korleis fyrste del av §16 om programmets varigheit skal tolkast. Dersom det er ungdom som har godkjent vidaregåande opplæring i Norge, er introduksjonsprogrammet på tre til seks månader tilstrekkeleg til å bli kvalifisert for høgare utdanning. Dersom §16 gjeld deltakarar som ikkje har godkjent vidaregåande opplæring i Norge, vil ei tidsavgrensning på tre til seks månader i introduksjonsprogrammet ikkje vere tilstrekkeleg.

5. Vestland fylkeskommune registrerer at lovframlegget skjerpar kravet for å få innvilga norsk statsborgarskap, med krav om bestått avsluttande prøve i norsk på B1 eller høgare nivå. Vestland fylkeskommunen vil påpeika at eit slikt krav lett vil ekskludera menneske med lita eller inga utdanning i opphavslandet frå å få norsk statsborgarskap, og frårår ei slik endring.

6. Vestland fylkeskommune vil peika på at talet på norsktimar til asylsøkjjarar vart redusert frå 250 til 175 i



2016. Av omsyn til inkludering meiner Vestland fylkeskommune at dette timetalet bør aukast.

7. Vestland fylkeskommune vil peika på at det i våre nordisk naboland er lettare for asylsøkjjarar å få mellombels arbeidstillatelse enn det er i Noreg. Vestland fylkeskommune meiner at dette også bør verta enklare i Noreg, noko som ikkje er drøfta i departementet sitt høyringsnotat. Ei slik ordning vil motverka passivitet på mottak, som er skadeleg, eit hinder for integrering og å sløsa med ressursar.

### **Saksprotokoll i hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon - 12.11.2019**

#### **Avrøysting**

Prosjektlear sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

#### **Innstilling til fylkesutvalet**

Fylkesutvalet støttar forslag til ny lov om integrering, men med dei kommentarane som går fram av saksframlegget.

### **Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 12.11.2019**

**Åsmund Berthelsen, SV**, sette fram slikt tilleggforslag på vegner av A, MDG, V, KrF, SP og SV:

#### **«Skjerping av minimumskravet som vilkår for norsk statsborgerskap**

##### **Norskmål §32**

Vestland fylkeskommune er kritisk til forslaget om å skjerpe vilkåra for å innvilge norsk statsborgarskap frå nivå A2 til nivå B1 i norsk munnleg. Krava til norsknivå vil med få unntak, ikkje vere mogleg å oppnå. Særleg gjeld det gruppa «utan grunnskule». Departementet kan heller ikkje vise til korleis dei ulike gruppene er i stand til å oppnå eit høgare språknivå i norsk på kortare tid enn kva som fylgjer av dagens regelverk.

Erfaring tilseier at mange ikkje vil klare det og vil ikkje kunne få statsborgarskap. Sivile rettar må ikkje knytast til formell kompetanse. Det vil gjere at fleire ikkje får vere med i demokratiet. Lengebuande innvandrarak risikerer ikkje å få dei same rettane som folk elles. Kan ikkje godta at dei mest ressursvake innvandrarane med innskjerpinga har liten sjanse til å oppnå norsk statsborgarskap.

##### **Retten og plikt til karriererettleiing §12**

Det er positivt at fylkeskommunen skal overta og sørge for karriererettleiing, men mange stiller spørsmål om fylkeskommunen har kompetanse for karriererettleiing for denne målgruppa. Det bør vurderast om programrådgjevar som har ansvaret for utforming av individuell plan i samarbeid med deltakar og oppfølging gjennom kvalifiseringsløpet, bør vere tilstades under karriererettleiinga.

##### **Slutt mål for introduksjonsprogrammet §14 og kor lenge programmet varer § 16**

Departementet foreslår slutt mål og differensiert varighet avhengig av skulebakgrunn og alder. Det ser ut som departementet er meir oppteke av å tidfeste når ein kandidat skal vere ferdig med utdanninga si, heller enn å ta omsyn til dei individuelle behova hjå kvar og ein kandidat. Slutt målet må ta utgangspunkt i kva som er realistisk å gjennomføre i løpet av programtida, også med tanke på dei nye obligatoriske elementa som skal vere med i programmet. Kor lenge programmet skal vare må ta utgangspunkt i individuelle kvalifiseringsbehov føre formell utdanningsbakgrunn og alder.»

#### **Avrøysting**

Prosjektlear sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Åsmund Berthelsen sitt forslag fekk 11 røyster og vart vedteke mot 3 røyster frå H og ein røyst frå FrP.

## **Innstilling til fylkesutvalet**

Fylkesutvalet støttar forslag til ny lov om integrering, men med dei kommentarane som går fram av saksframlegget.

Tillegg:

### **Skjerping av minimumskravet som vilkår for norsk statsborgarskap**

#### **Norskmål §32**

Vestland fylkeskommune er kritisk til forslaget om å skjerpe vilkåra for å innvilge norsk statsborgarskap frå nivå A2 til nivå B1 i norsk munnleg. Krava til norsknivå vil med få unntak, ikkje vere mogleg å oppnå. Særleg gjeld det gruppa «utan grunnskule». Departementet kan heller ikkje vise til korleis dei ulike gruppene er i stand til å oppnå eit høgare språknivå i norsk på kortare tid enn kva som fylgjer av dagens regelverk. Erfaring tilseier at mange ikkje vil klare det og vil ikkje kunne få statsborgarskap. Sivile rettar må ikkje knytast til formell kompetanse. Det vil gjere at fleire ikkje får vere med i demokratiet. Lengebuande innvandrarak risikerer ikkje å få dei same rettane som folk elles. Kan ikkje godta at dei mest ressursvake innvandrarak med innskjerpinga har liten sjanse til å oppnå norsk statsborgarskap.

#### **Retts og plikt til karriererettleiing §12**

Det er positivt at fylkeskommunen skal overta og sørge for karriererettleiing, men mange stiller spørsmål om fylkeskommunen har kompetanse for karriererettleiing for denne målgruppa. Det bør vurderast om programrådgjevar som har ansvaret for utforming av individuell plan i samarbeid med deltakar og oppfølging gjennom kvalifiseringsløpet, bør vere tilstades under karriererettleiinga.

#### **Slutt mål for introduksjonsprogrammet §14 og kor lenge programmet varer § 16**

Departementet foreslår slutt mål og differensiert varighet avhengig av skulebakgrunn og alder. Det ser ut som departementet er meir oppteke av å tidfeste når ein kandidat skal vere ferdig med utdanninga si, heller enn å ta omsyn til dei individuelle behova hjå kvar og ein kandidat. Slutt målet må ta utgangspunkt i kva som er realistisk å gjennomføre i løpet av programtida, også med tanke på dei nye obligatoriske elementa som skal vere med i programmet. Kor lenge programmet skal vare må ta utgangspunkt i individuelle kvalifiseringsbehov føre formell utdanningsbakgrunn og alder.

#### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 13.11.2019**

**Kine Bratli Dale (A)** sette på vegner av S, Sp, MDG, SV og V fram slikt forslag:

«Alternativ:

Vestland fylkeskommune er positive til at det kjem ny lov om integrering, med eit heilskapleg og langsiktig fokus på fleire felt. Fylkesutvalet er positive til at fylkeskommunen får fleire lovfesta oppgåver innan integreringsfeltet, men understrekar viktigheita av det også vert overført tilstrekkeleg med midlar til å oppfylle desse oppgåvene på ein god måte. Fylkeskommunen vil samstundes knytte nokre kommentarar til følgjande område:

1. Når det gjeld §5 om fylkeskommunen sitt ansvar ynskjer Vestland fylkeskommune primært at fylkeskommunen også får rolla med å oppmode. Når det gjeld karriererettleiing føreset fylkesutvalet at denne er i tråd med Nasjonalt kvalitetsrammeverk for karriererettleiing. Føremålet med Karriererettleiinga er å setja deltakare i stand til å gjera kvalifiserte karriereval. Fylkesutvalet finn det problematisk at karriererettleiinga, slik det går fram av høyringsnotatet, skal gje eit tilråding om arbeid eller utdanning for den einkilde.
2. Når det gjeld §12 om karriererettleiing vil Vestland fylkeskommune stilla spørsmål ved om dei økonomiske konsekvensane av endringane er godt nok utgreidd.

3. Fylkeskommunen er positiv til at sluttmaal skal gje deltakar formelle kvalifiseringar, men vil peika på utfordringar knytt til tidsavgrensing i §16 om programmet si varigheit. Ein må også sikra at det er samsvar mellom lov om integrering og opplæringslova.
4. Vestland fylkeskommune meiner det er uklårt korleis fyrste del av §16 om programmets varighet skal tolkast. Dersom det er ungdom som har godkjent vidaregåande opplæring i Norge, er introduksjonsprogrammet på tre til seks månader tilstrekkeleg til å bli kvalifisert for høgare utdanning. Dersom §16 gjeld deltakarar som ikkje har godkjent vidaregåande opplæring i Norge, vil ei tidsavgrensing på tre til seks månader i introduksjonsprogrammet ikkje vere tilstrekkeleg.
5. Vestland fylkeskommune er kritisk til forslaget om å skjerpe vilkåra for å gje norsk statsborgarskap frå nivå A2 til nivå B1 i norsk munnleg. Krava til norsknivå vil med få unntak, ikkje vere mogleg å oppnå. Særleg gjeld det gruppa «utan grunnskule». Departementet kan heller ikkje vise til korleis dei ulike gruppene er i stand til å oppnå eit høgare språknivå i norsk på kortare tid enn kva som fylgjer av dagens regelverk. Erfaring tilseier at mange ikkje vil klare det og vil ikkje kunne få statsborgarskap. Sivile rettar må ikkje knytast til formell kompetanse. Det vil gjere at fleire ikkje får vere med i demokratiet. Lengebuande innvandrarar risikerer ikkje å få dei same rettane som folk elles. Kan ikkje godta at dei mest ressursvake innvandarane med innskjerpinga har liten sjanse til å oppnå norsk statsborgarskap.
6. Vestland fylkeskommune vil peika på at talet på norsktimar til asylsøklarar vart redusert frå 250 til 175 i 2016. Av omsyn til inkludering meiner Vestland fylkeskommune at dette timetalet bør aukast.
7. Vestland fylkeskommune vil peika på at det i våre nordisk naboland er lettare for asylsøklarar å få mellombels arbeidstillating enn det er i Noreg. Vestland fylkeskommune meiner at dette også bør verta enklare i Noreg, noko som ikkje er drøfta i departementet sitt høyringsnotat. Ei slik ordning vil motverka passivitet på mottak, som er skadeleg, eit hinder for integrering og å sløsa med ressursar.»

**Terje Søviknes (Frp)** sette fram slikt forslag:

«Fylkesutvalet støttar forslag til ny lov om integrering, men med dei kommentarane som går fram av saksframlegget.»

### **Avrøysting**

Fylkesordførar la innstilling frå hovudutval for kultur, idrett og integrering til grunn.

Søviknes sitt forslag fekk 2 røystar (Frp) og fall.

Dale sitt forslag punkt 1-4 og 6-7 fekk 15 røyster (A, Sp, MDG, SV, KrF, V, FNB, H) og vart vedteke.

Innstilling punkt 5 fekk inga røyster og fall.

Dale sitt forslag punkt 5 fekk 12 røyster (A, Sp, MDG, SV, KrF, V, FNB) og vart vedteke.

Innstillinga punkt 1-4 og 6-7 vart ikkje røysta over.

### **Vedtak**

Vestland fylkeskommune er positive til at det kjem ny lov om integrering, med eit heilskapleg og langsiktig fokus på fleire felt. Fylkesutvalet er positive til at fylkeskommunen får fleire lovfesta oppgåver innan integreringsfeltet, men understrekar viktigheita av det også vert overført tilstrekkeleg med midlar til å oppfylle desse oppgåvene på ein god måte. Fylkeskommunen vil samstundes knytta nokre kommentarar til følgjande område:

1. Når det gjeld §5 om fylkeskommunen sitt ansvar ynskjer Vestland fylkeskommune primært at fylkeskommunen også får rolla med å oppmode. Når det gjeld karriererettleiing føreset fylkesutvalet at denne er i tråd med Nasjonalt kvalitetsrammeverk for karriererettleiing. Føremålet med Karriererettleiinga er å setja deltakare i stand til å gjera kvalifiserte karriereval. Fylkesutvalet finn det problematisk at karriererettleiinga, slik det går fram av høyringsnotatet, skal gje eit tilråding om arbeid eller utdanning for den einskilde.

2. Når det gjeld §12 om karrierettleiing vil Vestland fylkeskommune stilla spørsmål ved om dei økonomiske konsekvensane av endringane er godt nok utgreidd.
3. Fylkeskommunen er positiv til at slutt mål skal gje deltakar formelle kvalifiseringar, men vil peika på utfordringar knytt til tidsavgrensing i §16 om programmet si varigheit. Ein må også sikra at det er samsvar mellom lov om integrering og opplæringslova.
4. Vestland fylkeskommune meiner det er uklårt korleis fyrste del av §16 om programmets varighet skal tolkast. Dersom det er ungdom som har godkjent vidaregåande opplæring i Norge, er introduksjonsprogrammet på tre til seks månader tilstrekkeleg til å bli kvalifisert for høgare utdanning. Dersom §16 gjeld deltakarar som ikkje har godkjent vidaregåande opplæring i Norge, vil ei tidsavgrensing på tre til seks månader i introduksjonsprogrammet ikkje vere tilstrekkeleg.
5. Vestland fylkeskommune er kritisk til forslaget om å skjerpe vilkåra for å gje norsk statsborgarskap frå nivå A2 til nivå B1 i norsk munnleg. Krava til norsknivå vil med få unntak, ikkje vere mogleg å oppnå. Særleg gjeld det gruppa «utan grunnskule». Departementet kan heller ikkje vise til korleis dei ulike gruppene er i stand til å oppnå eit høgare språknivå i norsk på kortare tid enn kva som følgjer av dagens regelverk. Erfaring tilseier at mange ikkje vil klare det og vil ikkje kunne få statsborgarskap. Sivile rettar må ikkje knytast til formell kompetanse. Det vil gjere at fleire ikkje får vere med i demokratiet. Lengebuande innvandrarakar risikerer ikkje å få dei same rettane som folk elles. Kan ikkje godta at dei mest ressursvake innvandrarakar med innskjerpinga har liten sjanse til å oppnå norsk statsborgarskap.
6. Vestland fylkeskommune vil peika på at talet på norsktimar til asylsøkkarakar vart redusert frå 250 til 175 i 2016. Av omsyn til inkludering meiner Vestland fylkeskommune at dette timetalet bør aukast.
7. Vestland fylkeskommune vil peika på at det i våre nordisk naboland er lettare for asylsøkkarakar å få mellombels arbeidstillating enn det er i Noreg. Vestland fylkeskommune meiner at dette også bør verta enklare i Noreg, noko som ikkje er drøfta i departementet sitt høyringsnotat. Ei slik ordning vil motverka passivitet på mottak, som er skadeleg, eit hinder for integrering og å sløsa med ressursar.